

**For stor 3-mannsbolig**

12.08.2011

**Monica Tiedemann Storevik og Frode Myklebust i Nedre Halsabrotet har merknadar til reguleringsplanen. Til dømes syns dei 3-mannsboligen blir for stor og vil bygge inn heile hagen deira slik at den tar all utsikten frå denne.**

**Dei meiner boligen må gjerast om til 2-mannsbolig og viser til at grunneigaren gang på gang går ut i media og opplyser at det skal byggjast 10 boeinheiter i 2-mannsboliger.**

På planene dei har motteke er det teikna inn 11 husvær, Dei meiner og at det bør bggast inn valmtak for at det skal ta minst mogeleg av utsikten frå huset.

På planen dei mottok sist står det oppført 1-etasjes bustader på plate. Då teikningane ikkje vart sendt, vil dei koma attende med merknadar hvis høgda på husa blir endra i høve til tidlegare bestemmelser.